



DEN NORSKE KYRKJA

Askvoll sokneråd

Møteprotokoll for Askvoll sokneråd

Tid: 04.12.2018 kl. 15:15-17:45

Stad: ASKVOLL

Frammøtte:

Jostein Gryte	Leiar
Wenche Ness Gabrielsen	Nestleiar
Ingvild Loftheim	Medlem
Aud Eldrid Frøholm	Medlem
Terje Mork	Medlem
Leif Jørgen Leknes	Medlem
Stein Hugo Fykse	Medlem
Arne Fedøy	Medlem
Karen Anny Espedal	Varamedlem
Sissel Hege Iglund	Varamedlem

Møtande frå administrasjonen:

Rune Ziener	Kyrkjeverje
-------------	-------------

Forfall:

Anne Grethe Lien	Medlem
Halldis Rørvik	Medlem
Harriett Norstrand	Medlem
Else Stølen	Medlem

Saker handsama på møtet:

Saksnr	Uoff	Tittel	Sakshandsamar
SR 2018/25		Godkjenning av innkalling og dagsorden	RUNE ZIENER
SR 2018/26		Godkjenning av protokollen frå møte i Askvoll sokneråd 04.10.2018	RUNE ZIENER
SR 2018/27		Skriv, meldingar og drøftingar	RUNE ZIENER

SR 2018/28		Offerliste 1. halvår 2019	RUNE ZIENER
SR 2018/29		Kyrkjevalet 2019. Val av valstyreleiar og valteam	RUNE ZIENER
SR 2018/30		Kyrkjevalet 2019. Oppnemning av nominasjonskomité	RUNE ZIENER
SR 2018/31		Høyring om ny kyrkjeordning	RUNE ZIENER
FR 2018/32		Budsjettjustering 2018	RUNE ZIENER
FR 2018/33		Lys på gravplassane Gjelsvik, Værlandet og Vågane	RUNE ZIENER
FR 2018/34		Leiarlønn	RUNE ZIENER

Askvoll, 04.12.2018

Rune Ziener
Referent

SR 2018/25 Godkjenning av innkalling og dagsorden

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkallinga og dagsordenen som dei ligg føre.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkallinga og dagsordenen som dei ligg føre.

SR 2018/26 Godkjenning av protokollen frå møte i Askvoll sokneråd 04.10.2018

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møtet i Askvoll sokneråd 04.10.2018.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møtet i Askvoll sokneråd 04.10.2018.

SR 2018/27 Skriv, meldingar og drøftingar

UTGREIING

Følgjande skriv, meldingar og drøftingar vart lagt fram:

M 2018/30 Askvoll kommune: Suppleringsval – melding om vedtak (11.10.2018)

M 2018/31 Sogn og Fjordane fylkeskommune: Svar – Vilnes kyrkje – alternative løysingar – ber om førebels uttale (23.10.2018)

M 2018/32 Bjørgvin bispedømme: Skriv om ungdommens kirkemøte (november 2018)

M 2018/33 Prosten i Sunnfjord: Kurs om soknerådsvil og val av nominasjonskomité (19.11.2018)

M 2018/34 Askvoll kyrkjelydsutval: Referat frå møte 19. november

M 2018/35 Prosten i Sunnfjord: Notat om prestesituasjonen i Askvoll frå februar 2019 og utlysningstekst for soknepreststillinga i Askvoll (vert ettersendt).

M 2018/36 Kontaktmøte med kommunen 26.10.2018

M 2018/37 Julegåveaksjonen 2018

M 2018/38 Kvammen kyrkjelydsutval: Møteferat 05.11.2018

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd tek skriv, meldingar og drøftingar til orientering.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd tek skriv, meldingar og drøftingar til orientering, men med følgjande presiseringar:

Til M-sak 2018/35. Bør stå noko om at det vert ein del båtreiser i tenesta og til pkt 1. oversikt, bør det stå noko meir om kommunen og tenestetilbodet eller link til askvoll.kommune.no.

Til - M 2018/37. Julegåveaksjonen 2018 i kyrkjebladet går til nytt flygel til Kvammen.

SR 2018/28 Offerliste 1. halvår 2019

UTGREIING

Gudstenesteplanen for første halvår (t.o.m. mai) 2019 er lagt. Soknerådet må vedta offerformål. Innkomne forslag frå kyrkjelydsutvala er innarbeidd i lista, og resterande forslag vil verte innarbeidd i møtet.

Kyrkje	Dato	Tid	Dag	Type	Offerformål
Askvoll kyrkje	27.01.2019	11:00	Søndag	Gudsteneste	Askvoll kyrkje
Askvoll kyrkje	03.02.2019	11:00	Søndag	Gudsteneste	Kyrkjebladet
Askvoll kyrkje	17.02.2019	11:00	Søndag	Gudsteneste	Det Norske Bibelselskap
Askvoll kyrkje	17.03.2019	17:45	Søndag	Gudsteneste	Kyrkjelydsarbeidet
Askvoll kyrkje	21.04.2019	12:00	Søndag	Gudsteneste	Sjelesorgsenteret, Modum Bad
Askvoll kyrkje	05.05.2019	11:00	Søndag	Konfirmasjonsgudsteneste	Kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt
Askvoll kyrkje	17.05.2019	10:00	Fredag	17-maigudsteneste	Søndagsskuleforbundet. Bergen
Bulandet kapell	20.01.2019	11:00	Søndag	Gudsteneste	Kyrkjelydens misjonsprosjekt
Bulandet kapell	03.03.2019	11:00	Søndag	Gudsteneste	Fiskarheimen i Bulandet
Bulandet kapell	14.04.2019	11:00	Søndag	Gudsteneste	Kyrkjelydsarbeidet
Bulandet kapell	25.05.2019	12:00	Lørdag	Konfirmasjonsgudsteneste	Værlandet kapell
Holmedal kyrkje	01.01.2019	17:00	Tirsdag	Gudsteneste	Det Norske Misjonsselskap
Holmedal kyrkje	10.02.2019	11:00	Søndag	Gudsteneste	Kyrkjelydsarbeidet
Holmedal kyrkje	10.03.2019	16:00	Søndag	Gudsteneste	Skilbrei Ungdomssenter
Holmedal kyrkje	19.04.2019	19:00	Fredag	Gudsteneste	Ikkje offer
Holmedal kyrkje	28.04.2019	11:00	Søndag	Konfirmasjonsgudsteneste	Holmedal bedehus
Holmedal kyrkje	17.05.2018	11:15	Fredag	17-maigudsteneste	Holmedal kyrkje
Kvammen kapell	13.01.2019	17:00	Søndag	Gudsteneste	Kyrkjelydens misjonsprosjekt
Kvammen kapell	03.02.2019	15:00	Søndag	Gudsteneste	Teigen leirstad
Kvammen kapell	10.03.2019	19:00	Søndag	Gudsteneste	Det Norske Bibelselskap
Kvammen kapell	18.04.2019	19:00	Torsdag	Gudsteneste	Kvammen kapell
Kvammen kapell	26.05.2019	12:00	Søndag	Konfirmasjonsgudsteneste	Kyrkjelydsarbeid
Stongfjorden kapell	01.01.2019	19:30	Tirsdag	Gudsteneste	Stongfjorden kapell
Stongfjorden kapell	26.05.2019	10:00	Søndag	Konfirmasjonsgudsteneste	Stongfjorden kapell
Vilnes kyrkje	13.01.2019	11:00	Søndag	Gudsteneste	Kyrkjelydens misjonsprosjekt
Vilnes kyrkje	17.02.2019	15:00	Søndag	Gudsteneste	Kirkens Bymisjon i Bergen
Vilnes kyrkje	31.03.2019	11:00	Søndag	Gudsteneste	Norsk Søndagsskuleforbund, region Berge
Vilnes kyrkje	12.04.2019	13:00	Fredag	Skulegudsteneste	Ikkje offer
Vilnes kyrkje	22.04.2019	11:00	Mandag	Gudsteneste	Nyrsk kyrkje i utlandet (Sjømannskyrkja)
Vilnes kyrkje	11.05.2019	11:00	Lørdag	Konfirmasjonsgudsteneste	Vilnes kyrkje
Værlandet kapell	25.05.2019	10:00	Lørdag	Konfirmasjonsgudsteneste	Værlandet kapell

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner offerlista som den ligg føre og dei innkomne forslaga som vart lagt fram i møtet.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner offerlista som den ligg føre og dei innkomne forslaga som vart lagt fram i møtet.

SR 2018/29 Kyrkjevalet 2019. Val av valstyreleiar og valteam

UTGREIING

Arbeidet med å førebu kyrkjevalet må starte opp denne hausten.

16. januar skal det vere valkurs i Sunnfjord prosti, og her bør soknet sitt valteam stille. Valteamet er ei arbeidsgruppe som arbeider på valstyret sine vegne, og er normalt sett saman av:

- Leiar av soknerådet/valstyret
- Leiar av nominasjonskomitéen
- Ein frå administrasjonen
- Evt. ein informasjonsansvarleg

Leiar av soknerådet kan vere leiar av valstyret, men det kan og vere ein annan person.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd etablerer eit valteam, sett saman av:
 - Valstyreleiar: xx.
 - Leiar av nominasjonskomitéen
 - Frå administrasjonen: Rune Ziener.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd etablerer eit valteam, sett saman av:
 - Valstyreleiar: Jostein Gryte.
 - Leiar av nominasjonskomitéen
 - Frå administrasjonen: Rune Ziener.

SR 2018/30 Kyrkjevalet 2019. Oppnemning av nominasjonskomité

UTGREIING

I den førebuaende fasen av kyrkjevalet må ein arbeide med å finne kandidatar til soknerådet si liste.

Etter *Regler for valg av menighetsråd* 6-1 (1), skal det oppnemnast ein eigen komité på minst tre medlemmer som får ansvar for å finne kandidatar til fullstendig soknerådliste, samt sjå til at det vert 10 stemmeberettiga forslagsstillarar som stillar seg bak lista og prioriterer kandidatar. Nominasjonsarbeidet skal vere avslutta innan 30. april 2019.

Nominasjonskomitéen kan vere sett saman av medlemmer i soknerådet, eller av andre. Dei som vil vere kandidat på lista bør ikkje vere i nominasjonskomitéen.

For Askvoll kan det vere ein fordel at ein nominasjonskomité er sett saman av medlemmer frå kvar krins/kyrkjelyd. Dei ulike kyrkjelydsutvala er spurt om å finne kandidatar til nominasjonskomitéen.

Askvoll kyrkjelydsutval har meldt inn forslag om Ingvild Loftheim som medlem til nominasjonskomitéen med Liv Hushagen som vara.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd oppnemner ein nominasjonskomité til soknerådsvalet 2019.
2. Komitéen er sett saman av:
 - Askvoll: XX
 - Holmedal: XX
 - Kvammen: XX
 - Vilnes: XX
 - Bulandet/Værlandet: XX
3. Nominasjonskomitéen konstituerer seg sjølv.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd oppnemner ein nominasjonskomité til soknerådsvalet 2019.
2. Komitéen er sett saman av:
 - Askvoll: Ingvild Loftheim med Liv Hushagen som vara.
 - Holmedal: Karen Espedal og Jorunn Bull
 - Kvammen: Randi Solhaug og Anne Birthe Smedvik
 - Vilnes: Gunn E Sætre
 - Bulandet/Værlandet: Eva Landøy
3. Nominasjonskomitéen konstituerer seg sjølv.

SR 2018/31 Høyring om ny kyrkjeordning

UTGREIING

Kulturdepartementet sende hausten 2017 ut eit framlegg til trussamfunnslov for alle trus- og livssynssamfunn i Noreg, medrekna Den norske kyrkja. Venteleg skal Stortinget handsame denne lova våren 2019.

Med forslaget om ny trussamfunnslov følger også at kyrkjelova ikkje lenger skal gjelde. I dag regulerer kyrkjelova dei viktigaste myndigheitsforholda innanfor Den norske kyrkja.

Kyrkjerådet har sendt ut eit forslag til føresegner som skal erstatte kyrkjelova når denne blir oppheva. Det er ikkje meininga at desse føresegnene skal føre til endringar av dei ordningane ein har i dag. Forslaget til trussamfunnslov føreset at kyrkja sjølv gjev nærare reglar i ei kyrkjeordning som blir fastsett av Kyrkjemøtet. Framlegget tar også sikte på å fylgje opp Kyrkjemøtet si handsaming av Den norske kyrkja sitt grunnlag (sak KM 06/14 og 04/15) som er eit framlegg til overordna føresegner for Den norske kyrkja.

Høyringsfrist er sett til 15. desember 2018.

Det vert vist til høyringsdokumenta som er utsendt i eigne lenker.

Kyrkjevjerja har utarbeidd eit slikt forslag til høyringssvar frå Askvoll sokneråd:

Høyringssvar frå Askvoll sokneråd til ny kyrkjeordning.

Vi viser til kunngjorte høyring om ny kyrkjeordning frå Kyrkjerådet med høyringsfrist 15. desember 2018. Under følgjer Askvoll sokneråd (med fellesrådsfunksjon) sitt høyringssvar.

Innleidningsvis takkar vi for høvet til å gje uttale før ny kyrkjeordning vert fastsett. Som ei generell innvending til høyringa, spør vi oss om dette er rett tidspunkt for å gjennomføre ei høyring, då ein avventar lovfesta rammer for trus- og livssynssamfunna, som vil verte regulerte i ny lov om trus- og livssynssamfunn, som mellom anna vil setje dei økonomiske rammene for Den norske kyrkja og vonleg sikre soknet sitt sjølvstende (som eige rettssubjekt) og såleis vert gitt rettsleg handlingsrom for å halde fram å ivareta arbeidsgivaransvar.

Vi stiller oss positive til at det på dette stadiet i prosessen med etablering av ny kyrkjeordning ikkje vert lagt fram vesentlege endringsforslag i forhold til gjeldande ordning (kyrkjelov), men at slike realitetsendringar vert eit neste steg i prosessen om ny kyrkjeordning.

Vi er særleg positive til at oppgåver og ansvarsområde for soknet sine organ i hovusak vert vidareførte frå gjeldande kyrkjelov.

Kommentarar til ordningsforslaget.

Til kapittel 1 (§§ 1-8):

Vi stiller oss positive til at det vert etablert grunnlagsbestemmelser, eller eit læregrunnlag for Den norske kyrkja, som krev 2/3 fleirtal i Kyrkjemøtet for å kunne endre.

Vi saknar likevel ei regelfesta formålsbestemmelse for Den norske kyrkja, som vert teke inn i ein ny § 1 som tilsvarar § 1 dagens kyrkjelov, og vi føreslær:

§ 1 Ordningens formål.

Formålet med ordningen er å legge forholdene til rette for et aktivt engasjement og en stadig fornyelse i den evangelisk-lutherske folkekirke i Norge.

Til § 5 Om tenestefellesskapet.

Vi føreslær at denne paragrafen vert stroke. Slik forslaget står no, kan dette snarare svekke enn

styrke tanken om eit tenestefellesskap av medarbeidarar. Eit skilje mellom ikkje-vigsla og vigsla medarbeidarar, i form av opplistinga, er kunstig med utgangspunkt i tanken om eit tenestefellesskap.

Til § 6 Organisering av Den norske kyrkja.

Vi ønskjer å sikre at styring og leiing av Den norske kyrkja skjer med utgangspunkt i demokratiske prinsipp på alle nivå. Med forslaget til § 6, 3. ledd vil dette kunne verte svekka. Å sikre medverknad frå prestelinja, kan verte regulert slik:

§ 6 tredje ledd: Styring og ledelse av Den norske kirke bygger på demokratiske prinsipper og skal være forankret i demokratisk valgte organ på alle nivåer. Prestetjenesten er representert i de valgte styringsorganer etter nærmere regler fastsatt av Kirkemøtet.

Til kapittel 2 (§§ 9-14):

Til § 9, 1. ledd.

Denne bestemmelsen synest noko uklar.

Vi er usikre på kva som ligg i nemninga «administrativ ramme». Her bør soknet sitt sjølvstende som grunnleggjande eining komme tydelegare fram.

Til § 11 fjerde ledd.

Vi føreslær at «prest» vert erstatta av «kirkebokfører», då kyrkjebokfører, og ikkje prest er behandlingsansvarleg for kyrkjebokføring.

Til kapittel 3 (§§ 15-26):

Askvoll sokneråd har ingen merknader, og støtter forslaget.

Til kapittel 4 (§§ 27-31):

Askvoll sokneråd har ingen merknader, og støtter forslaget.

Til kapittel 5 (§§ 32-44):

Til § 39 andre ledd.

Her vert føreslege eit nytt første punktum som ikkje er utgreidd. Endringar no i Bispemøtet sin funksjon og myndighetsområde tilrår vi å utsetje. Dagens ordning sikrer den einskilde biskop sjølvstende i sine tenesteoppgåver, jf. også tredje ledd i samme paragraf i ordningsforslaget. Vi føreslær at første punktum i § 39 andre ledd i forslaget vert stroke:

~~**Bispemøtet skal utøve tilsyn med og pastoralt lederskap i Den norske kirke, ivareta kirkens lære og teologi og fremme enhet i kirken og med andre kirker.**~~

Til kapittel 6 (§§ 45-50):

Til § 47 andre ledd.

Forslaget som er sett fram for å kunne krevje medlemskap synest for snevert. Ikkje berre dei som har stillingar som inneheld ansvar for kyrkja si lære bør kunne krevjast medlemskap for. Vi føreslær ei justering og innskjerping her i forhold til forslaget:

~~**Ved tilsetning i kirkelige stillinger som inneholder et ansvar for å oppfylle kirkens lære som er av betydning for å virkeliggjøre Den norske kirkes formål (jf. § 1), skal tilsettingsmyndigheten oppstille krav om medlemskap i Den norske kirke i tråd med adgangen til dette i lov 16. juni 2017 nr. 51 om likestilling og forbud mot diskriminering (likestillings- og diskrimineringsloven) § 9.**~~

Biskopen kan gi dispensasjon fra plikten til å oppstille krav om medlemskap i Den norske kirke etter samme bestemmelse.

Til § 50 første ledd.

Endringsreguleringer i første ledd bør leggest inn i kapittel 1, slik at endringsreglene får samme endringsbeskyttelse som grunnlagsbestemmelsene i kapittel 1.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd gir høyrings svar om ny kyrkjeordning som føreslege frå kyrkjeverja.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd gir høyrings svar om ny kyrkjeordning som føreslege frå kyrkjeverja.

FR 2018/32 Budsjettjustering 2018

UTGREIING

Det er behov for å gjere nokre justeringar både i investerings- og driftsbudsjettet for 2018.

1. INVESTERINGSBUDSJETT

For fleire av investeringsprosjekta har ein ikkje klart å ha den framdrifta som var forutsett ved budsjettvedtaket.

Desse bør ein då budsjettere ned, og føre opp til ny realisering i 2019.

Prosjekt 1011 Plentraktor og minilastar:

Innkjøpet viser seg å vere om lag kr 50.000,- under budsjettert sum. Det er klarert med kommunen at unytta midlar her kan overførast på andre prosjekt.

Justeringsforslag:

Funksjon	Konto	Konto (t)	Justering
4300	42000	Byggteneste, nybygg -	-50 000
4300	44290	Mva utanfor mva-lova (komp.)	-15 000
4300	47290	Kompensasjon moms påløpt i inv.rekneskapen	15 000
4300	48300	Tilskot frå kommunen	50 000
			0

Prosjekt 1005 Parkeringsplass Vilnes:

Her har ein ikkje brukt noko i 2018, og ein vil truleg ikkje ha kostnader i prosjektet i 2018.

Justeringsforslag:

Funksjon	Konto	Konto (t)	Justering
4300	42300	Byggteneste, nybygg -	-220 000
4300	42700	Konsulenttenester	-20 000
4300	42800	Grunnerverv	-50 000
4300	44290	Mva utanfor mva-lova (komp.)	-60 000
4300	47290	Kompensasjon moms påløpt i inv.rekneskapen	60 000
4300	49400	Bruk av disposisjonsfond	290 000
			0

Prosjekt 1006 Lyssetting Vilnes:

Ingen justeringsforslag.

Prosjekt 1008 Kvammen kapell – innvendig rehabilitering:

Restkostnadar påløpne i 2018 var ikkje budsjettert.

Justeringsforslag:

Funksjon	Konto	Konto (t)	Justering
4200	42700	Konsulenttenester	18 000
4200	44290	Mva utanfor mva-lova (komp.)	10 000
4200	47290	Kompensasjon moms påløpt i inv.rekneskapen	-10 000
4200	48300	Tilskot frå kommunen (overført frå pr. 1011)	-18 000
			0

Prosjekt 1009 Tilbygg Vilnes:

Her ligg pr november 2018 ikkje føre godkjenning av prosjektplanene. Ein vil berre ha utgifter til konsulenttenester i 2018.

Justeringsforslag:

Funksjon	Konto	Konto (t)	Justering
4200	42300	Byggteneste, nybygg -	-1 800 000
4200	42700	Konsulenttenester	-168 000
4200	44290	Mva utanfor mva-lova (komp.)	-490 000
4200	47290	Kompensasjon moms påløpt i inv.rekneskapen	490 000
4200	48300	Tilskot frå kommunen (overført frå pr. 1011)	-1 968 000
			0

Prosjekt 1010 HC-tilkomst Holmedal:

Ein har pr. 2018 ikkje funne eit endeleg utformingsforslag for HC-tilkomst. I samband med handsaming av tilstandsrapporten som vart utarbeidd for Holmedal kyrkje i 2018 vart det konkludert med at HC-tilkomst til kyrkja bør takast i samband med det kommande rehabiliteringsarbeidet som er under planlegging. Justeringsforslag:

Funksjon	Konto	Konto (t)	Justering
4200	42300	Byggteneste, nybygg -	-150 000
4200	44290	Mva utanfor mva-lova (komp.)	-38 000
4200	47290	Kompensasjon moms påløpt i inv.rekneskapen	38 000
4200	48300	Tilskot frå kommunen	120 000
4200	49400	Bruk av disposisjonsfond	30 000
			0

Prosjekt 7000 Eigenkapitalinnskott KLP:

Ingen justeringsforslag.

Justeringar i framdriftsplan for investeringsprosjekta vert då:

Prosjektnr	Prosjektnamn	Prosjektår	Overført tilskot frå 2018
1005	Parkeringsplass Vilnes*	2019	0
1009	Tilbygg Vilnes	2019	2 000 000
1010	HC-tilkomst Holmedal kyrkje	2021	120 000

* Parkeringsplassen på Vilnes vert finansiert med ubunde kapitalfond.

2. DRIFTSBUDSJETT

Kyrkjeleg administrasjon

Det ligg an til å verte mindre lønnsutgifter til kyrkjeleg administrasjon og møtegodtgjersle. Forsikringspremie er auka frå 2017.

Funksj	Funksj (T)	Konto	Konto (T)	Endring
4100	Kyrkjeleg administrasjon	30100	Fast løn	-32 000
4100	Kyrkjeleg administrasjon	30800	Godtgjersle folkevalde	-11 000
4100	Kyrkjeleg administrasjon	31850	Forsikringar	9 000
4100	Kyrkjeleg administrasjon	32000	Inventar og utstyr	-5 000

Kyrkjer

Her er meir lønnsutgifter, både til faste og vikarar til kapitlet kyrkjer enn budsjettert. Mykje av meirforbruket skuldast høgt tal gravferder, særleg i ferietida. Ein ligg an til mindre kjøp av forbruksmateriell og tenester enn budsjettert. Det samme gjeld kurs, energi og forsikringar.

Funksj	Funksj (T)	Konto	Konto (T)	Endring
4200	Kyrkjer	30100	Fast løn	30 000
4200	Kyrkjer	30200	Løn til vikarar	20 000
4200	Kyrkjer	31100	Forbruksmateriell, utstyr og tenester	-5 000
4200	Kyrkjer	31200	Anna forbruksmateriell/råvarer og tenester	-20 000
4200	Kyrkjer	31500	Opplæring, kurs (ikkje oppg.pl.)	-6 000
4200	Kyrkjer	31800	Energi	-9 000
4200	Kyrkjer	31850	Forsikringar	-9 000

Gravplassar

Grunna eit svært høgt tal gravferder i 2018, vil ein ha større utgifter til graving m.v. enn

budsjettet. Innkomne festeavgifter ser og ut til å ligge omkring kr 20.000,- under budsjettet. Det er brukt mindre lønnsmidlar til vikarar i 2018, så lønnsutgifter ligg noko lågare enn budsjettet.

Funksj	Funksj (T)	Konto	Konto (T)	Endring
4300	Gravplassar	30100	Fast løn	-30 000
4300	Gravplassar	31200	Anna forbruksmateriell/råvarer og tenester	78 000
4300	Gravplassar	32300	Vedlikehald av bygg og anlegg	-10 000
4300	Gravplassar	36201	Sal av varer og tenester, gebyr	10 000
4300	Gravplassar	36301	Utleige av lokale, festeavgift	20 000
4300	Gravplassar	37100	Refusjon sjukepengar	-30 000

Anna kyrkjeleg verksemd

Her vil ein få inn om lag kr 10.000,- mindre enn budsjettet. Utgifter til forbruksmateriell etc. vert redusert tilsvarende.

Funksj	Funksj (T)	Konto	Konto (T)	Endring
4400	Anna kyrkjeleg verksemd	31200	Anna forbruksmateriell/råvarer og tenester	-10 000
4400	Anna kyrkjeleg verksemd	38600	Offer/innsamla til eiga verksemd	10 000

Trusopplæring

Grunna vakanse i trusopplæringsstillinga gjennom heile budsjettåret, bør ein justere trusopplæringsbudsjettet. Reduserte utgifter gjer at ein ikkje treng bruke fondsmidlar for å finansiere denne delfunksjonen.

Funksj	Funksj (T)	Konto	Konto (T)	Endring
4432	Trusopplæring (0-18 år)	30100	Fast løn	-110 000
4432	Trusopplæring (0-18 år)	30103	Tillegg	-4 000
4432	Trusopplæring (0-18 år)	30504	Telefongodtgjersle	-500
4432	Trusopplæring (0-18 år)	30903	Pensjonsinnskot - KLP	-19 000
4432	Trusopplæring (0-18 år)	30990	Arbeidsgjevaravgift	-14 000
4432	Trusopplæring (0-18 år)	31100	Forbruksmateriell/utstyr og tenester	3 000

4432	Trusopplæring (0-18 år)	31400	Annonsar, reklame, informasjon og repr.	-10 000
4432	Trusopplæring (0-18 år)	39500	Bruk av bundne fond	154 500

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd vedtek budsjettjusteringar i drift og investering 2018, som dei ligg føre i forslaget frå kyrkjeverja.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vedtek budsjettjusteringar i drift og investering 2018, som dei ligg føre i forslaget frå kyrkjeverja.

FR 2018/33 Lys på gravplassane Gjelsvik, Værlandet og Vågane

UTGREIING

Det vert vist til meldingssak M 2018/26, der soknerådet ber om at det vert utgreidd lyssetting ved gravplassane Gjelsvik, Værlandet og Vågane.

Behovet for straum/lys

Det er heilt klart ein fordel å ha straum på gravplassane. Dette ikkje berre med tanke på eventuell lyssetting, men også å kunne nytte teletinar og eventuelt anna utstyr som krev straum.

Det er ikkje vanskeleg å ha forståing for at dei besøkande på gravplassane ønskjer lyssetting når dei ferdast på gravplassane på kveldstid, men Helge Klingberg (tidlegare nasjonal gravplassrådgjevar) skriv i *Kirkegårdsboka* (s. 32-33):

«Det har vært skikk og bruk å ikke ferdes på kirkegården etter mørkets frembrudd. En skulle derfor ikke trenge belysning. Men en må jo da unnta deler av landet som ikke har skikkelig dagslys i vinterhalvåret.

Videre er en noen steder plaget med uønskede personer på kvelds- og nattetid. Belysning av kirkegården kan da virke hemmende på uønskede aktiviteter. Men ut over dette er det trolig ikke særlig behov for belysning, rent bortsett fra ved atkomstpartiet som alltid bør være belyst når det er mørkt.»

Basert på dette bør ein vere varsom med for mykje og dominerande belysning på desse gravplassane, men avgrense dette til nokre få utelamper på klokketårn/tilkomstportalar. At ein har dels god utebelysning t.d. ved Vilnes, Askvoll og Holmedal kyrkjer heng saman med at sidan ein har kyrkjer desse plassane, og det er naturleg at det går føre seg kveldsarrangement i kyrkjene, bør ein ha opplyst gangområde av tryggleiksomsyn.

Følgjande alternativ er vurdert:

1) Tilkopling til faststraumnett

Pr. i dag har ein ikkje straumtilkopling på nokre av desse plassane. SFE er kontakta med tanke på kostnadsrekning av å knytte desse gravplassane til straumnett.

SFE opplyser følgjande:

«Viser til forespørsel om strøm til gravplasser i Askvoll kommune. SFE Nett har utført eit grovt estimat av kostnader basert på informasjon gjeve av kunde. Dette er ikkje å rekne for eit formelt tilbod. Dersom De, på bakgrunn av desse opplysningane, framleis ynskjer nett-tilknytning, høyrer vi frå Dykk. Etter å ha motteke førehandsmelding frå installatør vil vi planlegge arbeidet og utarbeide avtale om anleggsbidrag, basert på detaljkalkyle.

Foreløpig arbeidsskildring:

Værlandet gravplass: Her vil være mulighet til å knyte seg til eksisterende nettstasjon som er etablert ved Værlandet ferjekai. Her må etableres nytt skap på endemast, og etableres lavspent forsyning (kabel) fra skap og frem til gravplass (ca.170m). Forutsetter at en får løyve av alle berørte grunneiere til kabelgrøft, og at dere som kunde står for etablering av grøft og legging av rør. Eventuelle kostnader knytt til graving er derfor ikke tatt med i estimatet.

Vågane gravplass: Her vil være mulighet til å knyte seg til eksisterende nettstasjon som er etablert på Vågane. Her må etableres nytt skap på eksisterende lavspentstolpe, og etableres lavspent forsyning (kabel) fra skap og frem til gravplass (ca.50m). Forutsetter at en får løyve av alle berørte grunneiere til kabelgrøft, og at dere som kunde står for etablering av grøft og legging av rør. Eventuelle kostnader knytt til graving er derfor ikke tatt med i estimatet.

Gjelsvik gravplass: Her vil være mulighet til å knyte seg til eksisterende nettstasjon som er etablert i Gjelsvik. Her må etableres nytt skap på eksisterende lavspentstolpe, og etableres lavspent forsyning (kabel) fra skap og frem til gravplass (ca.120m). Videre må lavspent forsyning fra trafo og frem til nytt skap forsterkes. Her ligger kun skifte av linje inne i kalkyle, hvor vi antar at tilstand på stolper er ok. Tilstand på stolper må sjekkes nærmere dersom prosjektet blir realisert, og her kan komme ekstra kostnad for skifte av stolper. Forutsetter videre at en får løyve av alle berørte grunneiere til kabelgrøft, og at dere som kunde står for etablering av grøft og legging av rør. Eventuelle kostnader knytt til graving er derfor ikke tatt med i estimatet.

Samla effektbehov: **3 x 6kW**

Antal oppgitte nye nettilknytningar: **3**

Kunde står sjølv for grøfter på eigen eigedom (ja/nei): **JA**

Kunde står sjølv for grøfter utanfor egen eiendom (ja/nei): **JA**

- Dersom kunde sjølv står for grøftene skal dei utførast iht. spesifikasjon gjeve av SFE Nett.
- Dersom ikkje kunde sjølv står for grøftene vil det bli innleid graveentreprenør.
- Om ikkje anna er oppgjeve er prisene i denne eposten uten meirverdiavgift.
- Kostnader knytt til prosjektet er kun sjølvkost og inneheld ingen form for påslag.
- Hugs at kostnader oppgjeve under kun er eit grovestimat.
- Går ein vidare med prosjektet vil ein utføre ei meir nøyaktig kalkyle som blir overført til anleggstilskotsavtalen.

Grovestimat av prosjektkostnader:

Estimert totalkostnad materiell, prosjektering og arbeid:

Værlandet gravplass:	kr 60 000,-
Vågane gravplass:	kr 40 000,-
Gjelsvik gravplass:	kr 110 000,-

Vidare opplyser SFE at erfaringstal frå området viser ein omtrentleg gravekostnad på :

Værlandet gravplass (170m):	kr 60 000,-
Vågane gravplass (50m):	kr 35 000,-
Gjelsvik gravplass (120):	kr 60 000,-
Estimert totalkostnad (eks. MVA):	kr 365 000,-

Dette grovestimatet viser altså at total investeringskostnad for å føre straum fram til inngangspartia/portalane til gravplassane. Lysarmatur og montering av tavle og straumuttak etc. vil komme i tillegg. Installatør opplyser at dette vil koste omkring kr 33.000,- pr. gravplass utanom lysarmatur.

Totalt vil straumtilkopling og tilrettelegging for lys, inkludert enkle lysarmatur koste rundt **kr 470.000,-** eks. MVA for desse tre gravplassane totalt.

Om ein i tillegg ønskjer lyssetting fleire stader inne på gravplassane, og ikkje berre ved inngangspartiet, kjem gravekostnad på eigen eigedom og utgifter til kjøp og montering av armatur i tillegg.

Driftskostnader

Tilkopling til straumnett fører sjølvsagt til noko høgre driftsutgiftsnivå. Om ein tek utgangspunkt i straukostnad til Bulandet gravplass, der ein har utelys på reidskapshuset, vil årleg straukostnad vere ca. kr 13.500,- (inkl. MVA) for tre ekstra gravplassar.

2) Alternative enenergikjelder (sol/vind)

Det er innhenta prisoverslag for anlegg drevet av alternative energikjelder. Berre for belysning vil t.d. eit solcelleanlegg vere rimelegare enn tilkopling til faststraumnett. I alle fall gjeld dette for sjølve oppstartkostnaden. Prisoverslaget her gjeld eit 24 volt-anlegg, og med eit slikt er det sjølvsagt ikkje mogleg å drive eksempelvis teletinar.

Det er innhenta pris på skap, der batteri, sikring og regulator er montert og tre stk. solcellepanel. Utan monteringskostnader som t.d. lage ramme for panel, samt kopling av panel mot styreskap er grunnprisen pr. anlegg kr 45.700,-. Lysarmatur er heller ikkje medrekna.

Elektrikar opplyser at pga. fjell, så vil mest sannsynlig Gjelsvik, og Vågane gravplass ligge i skygge, den delen av året som det er mest behov for lys, og lading. Det er derfor sannsynlig ikkje nok dagslys til og kunne drifte anlegget.

Ei stabil straumføring her kan ein sikre med å bygge ut anlegget med ein 6 meter vind-mast i tillegg. Prisen på ein slik er kr 23.260,- pluss arbeid og fundament.

Totalprisen for anlegg med alternative energikjelder, før andre kostader nemnt over, vil altså minimum ligge på:

Værlandet gravplass:	kr 50 000,-
Vågane gravplass:	kr 75 000,-
Gjelsvik gravplass:	kr 75 000,-
Total	kr 200 000,-

Vurdering:

Teknisk og funksjonelt vil tilkopling til faststraumnettet vere å føretrekkje, då ein både er sikra stabil straum med moglegheit for å kunne bruke elektrisk utstyr som teletinar på gravplassane. Likevel skil dette seg ut som det klart dyraste alternativet.

Med så pass mange installasjonar som krevst ved alternative energikjelder vert det meir utstyr å vedlikehalde enn ved fast straumtilkopling. Batteripakkene bør byttast ut kvart tiande år og solcellepanelene vert opplyst at har ei levetid på omkring 30 år.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd ønskjer å kople gravplassane Gjelsvik, Vågane og Værlandet til faststraumnettet og montere enkel belysning ved inngangsparti, og innarbeider dette i seinare økonomiplanvedtak.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd ønskjer å kople gravplassane Gjelsvik, Vågane og Værlandet til faststraumnettet og montere enkel belysning ved inngangsparti, og innarbeider dette i seinare økonomiplanvedtak.

FR 2018/34 Leiarlønn

UTGREIING

INNSTILLING

MØTEHANDSAMING

Saka vart lagt fram i møtet.

Det har vore gjennomført leiarlønnsforhandlingar 30. november.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner forhandlingsresultatet.